

termiddag klokka 17, slik at Stortinget har formiddagen fri til komitémøte i den mon det er turvande. Eg kan ikkje tenkja meg anna enn at Stortinget likevel skal verta ferdig med både verneskatten og finansdebatten til fredag formiddag.

Presidenten: Presidenten vil gjøre oppmerksom på at det har vært noen konfusjon med ukeprogrammet. Det er mulig det skyldes presidenten, og delvis at kontorsjefen dessverre har vært syk de siste dager, så de konferanser som skulde ha funnet sted mellom alle parter, ikke har funnet sted. Presidenten skulde anta etter det som er opplyst av hr. Valen, og fordi det er slått op på ukeprogrammet ettermiddagsmøte, at det vil være riktig at vi ikke har noe møte imorgen formiddag. Presidenten går ut fra — hvis ingen av presidentskapets medlemmer har noe å innvende mot det — at man bare beriktiger oppslaget, slik at det ikke er nødvendig å sette noe møte i Stortinget imorgen klokken 10, men at man alene beriktiger oppslaget. Jeg beklager misforståelsen, jeg håper bare at hr. Valen vil ha rett i sin optimistiske forutsetning om at man vil kunne bli ferdig med det program som skulle være ferdigbehandlet før påske, og oppfatter hr. Valens uttalelse om et tilsagn i så henseende fra de representanters side som skal delta i hans komité i morgen.

Statsråd Ljungberg har bedt om ordet i anledning av hr. Wrights forespørsel.

Statsråd Ljungberg: Jeg skal bare ganske kort få referere, hvordan denne sak om permittering av offiserer til Finnland henger sammen. Da Regjeringen fant å kunne gå med på at Kommanderende General kunne permittere inntil 10 ulønte offiserer, fikk Kommanderende General følgende beskjed: Dette skal ikke offentliggjøres, vi skal helst ha det utenfor pressen. Kommanderende General sender derfor ut fortrolig meddelelse til samtlige avdelinger, til og med regimenter, og Kommanderende Generals stab direkte, eller vedkommende regiment som vet at en offiser har søkt eller har forespurt, skal da sørge for at vedkommende offiser også får denne meddelelse.

Referat:

Kgl. meld. om beretning om virksomheten i Garantikassen for Sparebanker i 1939.

Enst.: Sendes Finans- og tollkommiteen.

Presidenten: Presidenten går ut fra, hvis der ikke fremkommer noget krav i motsatt retning fra representantene, at det ikke er nødvendig å innføre noget i protokollen om

de spørsmål som blev reist av hr. Wright, idet de ikke var kunngjort på forhånd, om enn representanten hadde meddelt forsvarsministeren at han vilde komme med et spørsmål.

Protokollen blev derefter opplest uten å foranledige noen bemerkning.

Møtet hevet kl. 19,35.

Møte for lukkede dører tirsdag den 12 mars 1940 kl. 17.

President: H a m b r o .

Dagsorden:

Meddelelse fra utenriksministeren.

Presidenten: Presidenten foreslår møtet holdt for lukkede dører — og anser det for enstemmig vedtatt, og foreslår Regjeringens medlemmer og de i § 54 i forretningsordenen nevnte funksjonærer gitt adgang til møtet — og anser det for enstemmig vedtatt.

Når dette møte foreslås holdt for lukkede dører, er det fordi utenriksministeren i midt-dags gav utenrikskomitéen en meddelelse som utenrikskomitéen fant å være av den interesse for Stortinget at den ønsket at meddelelsen skulle gis til Stortinget uoppholdelig, og jeg skal straks gi utenriksministeren ordet.

Statsråd Koht: Det som eg skal få gje Stortinget kunnskap om no i dag, det er det spørsmålet som vi vel kan seia er det mest brennande i denne stunda, både for oss og for alle dei nordiske landa: spørsmålet om fred mellom Finnland og Sovjet-Samveldet, og eg skal da gje greie for det grunnlaget som kan bli lagt for den freden, og for det som i den samanheng vedrører vårt land.

Fredsdrøftingane mellom sovjetregjeringa og den finske regjeringa har gått stilt, uoffisielt for seg alt frå dei siste dagane av januar. I desse drøftingane har både den norske og den svenske utanriksministeren hatt ei viss rolle. For min part har eg i eit personleg brevsifte, på den eine sida med Tanner, på den andre sida med Molotov, freista finna fram til eit kompromiss mellom dei to landa, såleis at ein kunne seia at det var på ein måte ein ærefull fred for begge partane. Det som eg gjorde i så måte, førde ikkje fram, sovjetregjeringa ville ikkje gå med på noko slag kompromiss. Det som den svenske utanriksministeren har gjort i denne same saka, det har vori fyrst og fremst å få dei to partane, Sovjet-Samveldet

og Finland, på talefot med kvarandre, og derfor har det gått for seg i Stockholm ei rekkje med personlege møte mellom ombodsmenner for dei to krigførande landa. Det var svært fort, ja alt frå fyrsten, klart at sovjetregjeringa var viljug til å drøfta freden og forhandla om fred med den regjeringa som sit i Helsingfors; ho var viljug, straks det viste seg teikn til at forhandlingar var moglege, til å ta opp desse forhandlingane med den regjeringa som ho før hadde sagt var heilt ulovleg. Folkeregjeringa under Kuusinen i Terijoki var sovjetregjeringa viljug til å kasta over bord, straks ho hadde gjort den nytta som sovjetregjeringa meinte ho skulle gjera. Da heiter det berre: «Der Mohr hat seinen Dienst getan, der Mohr kann gehen.» Og det var for så vidt ei stor vinning for desse fredsdrøftingane, at det så tidleg vart klart at det var ingen ting i vegen for at forhandlingane vart gjorde opp med regjeringa i Helsingfors. Sovjetregjeringa la fram i desse forhandlingane dei vilkåra ho ville byggja freden på — dei vilkåra har skift noko i denne tida. I eit brev til meg den 11 februar sette Molotov opp det som han da meinte skulle vera grunnlaget for freden — og eg seier straks at det grunnlaget han sette opp, det var hardare vilkår enn dei som Finland kunne ha fått om det hadde gjort fred med Russland utan krig — men etter kvart som forhandlingane gjekk på, kvesste regjeringa krava sine enda meir, såleis at dei krava som nå vart sette fram for eit par dagar sidan i Moskva til den finske delegasjonen som kom der, dei var enda hardare enn noko krav som på førehand var sett fram frå russisk side. Det er offentleg kjent kva det var for krav sovjetregjeringa hadde gjort føre krigen, før ho kasta seg over Finland den 30 november i fjor. Stortinget veit at det galdt om for sovjetregjeringa å få ein hovudpart av den finske landsluten som ein kallar Det karelske eidet, eidet mellom Ladogasjøen og Finskevika. Atttåt det ynskte Sovjet-Samveldet ei rekkje med småøyar ute i Finskevika utanfor dette landet, det ville ha rett til å leiga på ei lengre tid Hangø eller landet derikring til flåtehamn og ville dessutan ha resten av Fiskarhalvøya nord med Polhavet, den resten som enda var finsk. Dei krava som sovjetregjeringa no til slutt har sett for fred, tek opp alt dette, og dessutan er dei auka såleis at i staden for berre Det karelske eidet vil sovjetregjeringa ha alt det som vi i historia i gamle dagar kalla for Viborg län, det er den parten av Finland som måtte bli avhenda av Sverige ved freden i 1721, og det vil i røynda seia alt landet kring Ladogasjøen både i nord og vest, så langt vest at ned med sjøen kjem byen Viborg med, og lenger inne i landet —

og det er kanskje det viktigaste av alt — kjem Imatra og dei store finske kraftverka der med. Dessutan — og det er det aller nyaste kravet som er sett fram frå russisk side, eit krav som ikkje har vori nemnt før — dessutan ville Sovjet-Samveldet ha ei grenseflytting lenger nordpå. Stortinget hugsar visseleg frå alle krigsmeldingane dei stridane som sto om Salla og Kuusamo. Det er på den kanten der Finland er smalast, men det er samstundes på den kanten der den finske grensa går nærast bort imot jarnvegen frå Leningrad nord til Murmansk, og det som er grunnlaget for det russiske kravet om grenseflyttinga der, er at Murmanskbanen vart so truga av finnane at russane måtte få den faren skuva lenger bort, og at derfor eit stykke land der måtte bli avhenda til Russland. Men eg vil nemna — så ingen ting av det som er viktig, skal vera gløymd — at dette som har stått i blada om krav på Petsamo, ikkje har vori nemnt, og det har aldri vori omtala enda frå russisk side.

Når den finske regjeringa var viljug til å forhandla med sovjetregjeringa trass i at krava såleis stendig auka på, var det sjølv sagt for di den finske regjeringa såg vonlaust på den militære situasjonen. Vi har alle med stor undring — og vi kan vel gjerne seia med glede — fylgt den finske motstandsstriden på austgrensa; men det var heilt klart for alle som studerte dette nøye, at lenge kunne det motstandet ikkje vara. Den finske styrken måtte bli utsliten av å liggja der i stendig strid, natt og dag, medan russane kunne velta inn nye mengder av herfolk og materiell dag etter dag utan omsyn til kva som gjekk tapt. Mot slik ei overmakt ville det vera uråd for Finland å stå seg, jamvel om det kunne få all den friviljuge hjelp som har komi. Det ville hjelpa så lite. Finland måtte ha mykje større hjelp enn det som har kunna koma. Da no den finske regjeringa sto framføre desse siste krava frå russisk side, måtte valet vera mellom dette: anten godkjenna dei russiske krava, bøya seg for dei, ta mot dei, eller så føra ein krig til øydeleggjing, føra krigen så lenge som det i det heile var råd å føra han, og freista få til den krigen all den hjelpa som det var råd å få. Det som da måtte melda seg for Finland, det var ikkje berre spørsmålet om hjelp frå Noreg og Sverige, for jamvel det ville bli for lite; men det var spørsmålet om hjelp frå vestmaktene, England og Frankrike. Og vi har da no i det aller siste sett offisielle fråsegner frå britisk og fransk side om at desse to landa var viljuge til å senda herhjelp til Finland.

Dette var eit spørsmål som hadde vori oppe alt ei god stund i desse to landa, men det var

klart at om hjelpa skulle koma nokolunde fort og føra fram, måtte hjelpa bli send gjennom Noreg og Sverike, og ein førebels førespurnad i så måte kom til den norske og den svenske regjeringa laurdag for 8 dagar sidan — det blir vel den 2 mars. Det var ein førebels førespurnad; for den finske regjeringa hadde ikkje vendt seg til England og Frankrike om hjelp, så det var berre med den føresetninga at Finnland bad om slik hjelp, at desse to vestmaktsregjeringane på førehand ynskte høyra korleis Noreg og Sverike ville ta slik ein førespurnad om løyve til å lata hermakt gå gjennom våre land. For den norske og den svenske regjeringa var det heilt klart at dette ville gå utanfor den nøytraliteten som dei to landa til da hadde haldi oppe. Det kan no vera ei sak for seg om dette formelt ville ha vori eit brot på nøytraliteten, men den store realiteten som låg i dette, var at vi hadde alle gode grunnar til å rekna med, at om vi let fransk og britisk hermakt gå gjennom våre land til Finnland, ville vi med ein gong ha krig med Tyskland. Det ville seia at Noreg kom til å bli — ikkje til hjelp for Finnland, men ei slagmark, ei slagmark i krigen mellom stormaktene. Førespurnaden kom, som eg sa, laurdag den 2 mars. Straks same dagen svara den svenske regjeringa nei, at ho ikkje ville gjeva slikt løyve. Spørsmålet hadde vori omtala litegrann mellom den norske og den svenske utanriksministaren og innanfor Regjeringa, så for så vidt kjende vi alle i hop standpunktet åt kvarandre, og visste kva som var grunnen til at vi meinte vi måtte svara nei, for det ville ikkje bli til hjelp for Finnland, berre til tap for oss sjølve. Den svenske regjeringa gav sitt nei med ein gong, den norske regjeringa tok seg litt betre tid, drøfte spørsmålet noko meir, og fyrst måndag 4 mars gav vi vårt svar, som sa at vi måtte ta det same standpunktet som Sverike hadde teki. Dette veit da vestmaktene. Når dei så likevel held oppe dette at dei er viljuge til å senda hjelp til Finnland, så er det klart at da måtte dei anten seia at dette stranda for di dei ikkje fekk løyve av Noreg og Sverike til å gå gjennom dei landa, eller dei måtte senda hermakt gjennom Noreg og Sverike mot viljen til dei to regjeringane. Spørsmålet ville vel da vera for Finnland om det kunne bli hjelp nok. Eg har alt nemnt korleis dette ville vida ut krigen, såleis at det var lita von til at det skulle bli til hjelp. Men om så vestmaktene kunne få fram hermakt til Finnland, så var det så mykje som trongst, dei reknar med at dei måtte ha fram *minst* 100 000 mann med materiell og reservar og alt som høyrer til. Det ville ta lang tid å føra fram så stor ei hermakt. Eg kan nemna at i denne stunda har,

etter alt eg veit, England ikkje ført meir enn 300 000 mann over til Frankrike. Det ville ta lang tid, og til den tida reknar dei i Finnland med at dei ikkje kunne halda ut, om så tanken om hjelp ville styrkja motet deira; men makta, om den kunne halda, var eit heilt anna spørsmål. Når vestmaktene dessutan byd fram denne hjelpa just no med det same forhandlingane går for seg, trur eg vi må rekna med at dei har to motiv, eit heilt naturleg motiv, ynsket om å hjelpa Finnland, det skal vi ikkje skuva til sides, men dessutan eit anna motiv, dette at dei på denne måten, med å vida ut krigsskodeplassen, kunne få betre tak på Tyskland. Det er ein led i stormaktkrigen, dette at vestmaktene så gjerne vil ha krigen gåande mellom Finnland og Sovjet-Samveldet.

Alt dette skjønar den finske regjeringa svært godt. Men da no til aller sist i går spørsmålet låg føre: skulle ein ta eller vraka dei russiske fredsvilkåra? — så måtte da Finnland sjå dette i augo kva for eit val her var, anten be vestmaktene om hjelp eller ta vilkåra, og da vende dei seg i går kveld til den norske og den svenske regjeringa med to spørsmål. Det eine spørsmålet var om vi framleis stod på det same standpunktet, at vi måtte seia nei til ynsket om gjennommarsj for fransk-britiske herfolk. Den svenske regjeringa sa med ein gong frå at ho stod på same standpunktet som ho hadde stått før. Det andre spørsmålet var eit spørsmål som på ein måte låg heilt utanfor alt det som før var nemnt, og som difor er så nytt at eg må seia litt meir om det. Det var ein førespurnad om den norske og den svenske regjeringa ville vera viljuge til å *drøfta spørsmålet om eit forsvarssamband i framtida* mellom Finnland og desse to landa — eit spørsmål såleis ikkje om forsvarssamband no i den krigen som går på, men når krigen var slutt og freden var gjort opp, om da på det grunnlaget Noreg og Sverike ville vera med i forsvarssamband. Ja, spørsmålet galdt ikkje om vi ville vera med i forsvarssamband, men spørsmålet var om regjeringane ville drøfta om det var mogleg å få i stand eit forsvarssamband. Det spørsmålet svara straks i går kveld, eller tidleg i dag var det vel, den svenske regjeringa sitt ja til, ho var viljug til å drøfta dette spørsmålet, eller som det heiter ordrett i det svenske svaret, som svarar ordrett til det finske spørsmålet: ho var viljug til å «undersöka möjligheterna för ett försvarsförbund».

Dette spørsmålet er det da som har komi til Noreg òg, og det er heilt klart at innanfor den norske regjeringa måtte vi ha mange tvilsmål og innkast her når dette kom. Det var

klart for oss at når Finland kom med dette spørsmålet, var det for di at dersom vi gjekk med på det, kunne det bli lettare for Finland å gå med på dei russiske fredsvilkåra. Visste Finland at det i framtida i minsto kunne ha ei von om eit forsvarssamband med dei to nordiske grannelanda, ville det bli lettare for den finske regjeringa og for det finske folket å bøya unna for dei krava som no ligg der frå Russland. Det vil seia at om Noreg og Sverige svarar ja på dette spørsmålet, ville det gjera det lettare å få fred. Finland kunne tryggare gå med på freden med Sovjet-Samveldet. Vi ville gje framskuv til at denne freden kom i stand. Og det var heilt klart for oss alle just med det andre valet som låg føre, spørsmålet om herhjelp frå vestmaktene, at her kunne det bli valet for oss òg mellom krig og fred, så det var ei viktig norsk interesse dette å hjelpa til at fred kom i stand mellom Finland og Sovjet-Samveldet. Likevel måtte vi ha tvilsmål her om dette å ta opp denne nye tingen om å gå med på å drøfta dette nye spørsmålet om forsvarssamband, eit spørsmål som vi alltid før hadde haldi oss frå og meint at vi ikkje burde koma inn i. Det har vori ei føresetning for alt nordisk samarbeid at militært forsvarssamband skulle ikkje vera turvande. Men det er så at det er mange ting i framtida, mange omsyn som har kunna føra denne tanken nærare innpå oss, at ein gong kunne det likevel bli bruk for dette, eit forsvarssamband millom Noreg og Sverige på den eine sida og Finland på den andre. Og da, i denne situasjonen å svara nei på en førespurnad om vi i det heile ville vera med på å drøfta denne saka, det tykte vi ville vera uforsvarleg. Og den norske regjeringa har difor i dag, like eins som den svenske, sagt sitt ja til dette, og sagt frå i eit telegram som er sendt til den norske sendemannen i Helsingfors, at han kan seia frå til den finske utanriksministeren at den norske regjeringa er — eg les ordlyden i telegrammet — «villig til å prøve mulighetene for et forsvarsforbund». Det er heilt klart at eit forsvarssamband aldri kan bli gjort opp utan samtykke av det norske Stortinget. Det ligg bundi såleis i Grunnlova at ikkje noko menneske kunne tenkja på å setja seg ut over det. Så det einaste, og det vil eg streka under her, det einaste som her er lova frå Regjeringa, det er at ho skal vera viljug til å prøve spørsmålet, om det finst mogleg råd for slikt eit samband. Dinest vil eg streka under at den einaste som er bunden av denne lovnaden, det er den norske regjeringa. Ikkje noko band er lagt på Stortinget, og ikkje noko band er lagt på Regjeringa heller annleis enn til å drøfta spørsmålet. Ikkje nokon ting er bundi såleis at vi

er nøydde til å godta nær sagt kva det skulle vera når det var eit forsvarssamband. Vi har rett til å setja dei vilkåra som vi sjølve finn turvande og rette. Dette vil eg streka under, så det konstitusjonelle her skulle vera heilt klart. Men eg vil da gå tilbake til det politiske i dette, at med å gje slikt eit svar, som på denne måten kjem eit finsk ynske til møtes, hjelper vi til at det kan bli fred der borte, og dermed tryggjer vi freden for vårt eige land.

Presidenten: Jeg vil gjerne, i tilknytning til utenriksministerens meddelelse, bare gi den opplysning at da utenriksministeren i midt-dags meddelte utenrikskomiteen det som lå fore, var medlemmene av utenrikskomiteen naturlig fylt av de samme tvilsmål som Regjeringen, men var av den opfatning at der hverken burde treffes noen bestemmelse i utenrikskomiteen eller i Stortinget, da det ville binde langt mer enn et helt uforbindende svar fra Regjeringen. Hr. Mowinckel fremsatte i utenrikskomiteen et forslag til uttalelse, altså han henstillet til Regjeringen å svare i følgende setning:

«Regjeringen villig bistå Finland så langt det står i dens makt for å bøte den skade kriggen har tilføiet landet, og den er overbevist om at den har det norske folk bak sig i dette tilsagn, men Regjeringen beklager at den anser det helt utenfor norsk politisk mulighet og stridende mot norsk opfatning å stille i utsikt noe forsvarsforbund med noe land.»

Det blev, av de grunner som jeg har nevnt, og fordi det heller ikke var nogen tilslutning i utenrikskomiteen til å komme inn på nogen drøftelse av sakens realitet, ikke votert over hr. Mowinckels forslag, det blev kun vedlagt protokollen.

Joh. Ludw. Mowinckel: Siden vi hadde møte før middag, er der skjedd den meget viktige ting at Regjeringen har handlet, og at vi derfor står like overfor et fait accompli. Regjeringen har besluttet å svare imøtekomende på Finnlands spørsmål. Vel, det får Regjeringen ta ansvaret for. Men jeg har lyst til å understreke at det skritt som her er tatt, betyr *en hel vending i norsk utenrikspolitikk*. Vi står foran en ganske ny ting, en ting som vi alltid på det bestemtteste har vegret oss for å innlate oss på: et militært forsvarsforbund med et annet land. Det sies av utenriksministeren at alle konstitusjonelle rettigheter er forbeholdt. *Det er talemåter*. Hvis den norske regjering slutter et forsvarsforbund med Finland under forbehold av Stortingets samtykke, er i virkeligheten Stortinget på forhånd bundet. Man må i det hele tatt huske

på, at hvis det forholder seg slik — noe som høres ganske utrolig — at den omstendighet at man er villig til å drøfte et forsvarsforbund med Finland skal øve innflytelse på Finnlands lyst eller vilje til å motta de russiske betingelser, da ville det jo bringe oss i en ganske eiendommelig stilling når vi på forhånd har villet lette Finland på denne måte, og så når det kommer til stykket, viser at vi i grunnen ikke har ment så alvorlig med det. Det er ganske gitt at går man til disse forhandlinger, blir det meget, meget vanskelig å trekke seg tilbake fra dem, uten at det etterlater et sår som i grunnen vil gjøre forholdet mellom de to land vanskeligere enn før. Da jeg hørte dette i formiddag, var jeg først inne på den tanke at man på en måte kunne kamuflere forhandlingene, man kunne kanskje hjelpe Finland i den nød og den sorg hvori det står nå, på den måte. Men nettopp etterat jeg hadde hørt diskusjonen i utenrikskomitéen, uttalelser fra utenriksministeren og andre, forsto jeg at det var *selvbedrag*. Og i virkeligheten er man her i begrep med å binde seg på et overmåte viktig område, jeg sier: et overmåte viktig område, for herved kommer vi inn i en gruppe som kan komme til å arte seg nokså merkelig storpolitisk sett. Vi har jo alltid gjort hva vi kunne for å holde oss utenfor alle slags grupperinger. Nå går vi inn i en gruppe mot Sovjet-samveldet. Vel, man kan si: gruppen består bare av oss, de tre nordiske land. *Ja idag*, med etter den fred som det her er tale om, kan jo enhver forstå at det ikke vil finnes en finne som ikke er fylt av tanken på revanche og på atter igjen å vinne tilbake det tapte land, så verdifullt som det er for Finland. Det er ikke mange mennesker med politisk fremsyn som ikke tror at forbundet mellom Tyskland og Sovjet bare er et momentant hensiktsmessighetsforbund, og at den tid ikke er fjern da Tyskland med hele sin tyngde atter vender seg mot øst. Hvordan står vi da i et forsvarsforbund med Finland, Sovjets erklærte fiende, sammen med Sverige, hvis hele geografiske orientering er tysk, og må være det? Hvor står vi, hvis hele geografiske orientering er vestover? Vel, Regjeringen har tatt sitt standpunkt. Regjeringen har svart, men jeg for min part ville ha dårlig samvittighet hvis jeg gikk fra dette møte uten på denne måte som her er skjedd, sterkt å ha understreket at vi her står foran en vending i norsk utenrikspolitikk som jeg for min part i høy grad beklager, fordi den er farlig, farlig og atter farlig.

Førre: Vi hører daglig deklamert at vi lever i et land som er folkestyrt, at dog opplever vi, mens landets nasjonalforsamling er samlet,

og den sittende regjering har den beste anledning til å få vite Stortingets stilling til viktige spørsmål før den treffer sin avgjørelse, at den altså i dag har tatt standpunkt i et spørsmål som er av så stor viktighet at man i øyeblikket neppe aner rekkevidden av det. Denne utvikling er så betenkelig at jeg kun kan forklare det ut fra den mangel på politisk linje som i det hele tatt har preget den nåværende regjering i alle spørsmål. Den er på viken, vandrende front, og har ikke lenger noe fast holdepunkt selv i sin utenrikspolitikk. Jeg har nærmest inntrykk av at det svar som er gitt, er gitt for å kamuflere en støtte som ikke er ment å kunne være annet enn en ren trøst i øyeblikkets sorg. Men det er, som hr. Mowinckel ga uttrykk for, en farlig vei å slå inn på, og jeg må beklage at Regjeringen har tatt det skritt mens Stortinget er samlet, og det er spørsmål om ikke denne avgjørelse snarest mulig bør bringes inn for Stortinget og få sine parlamentariske følger.

Stray: Jeg tror jeg tør si at det var med stor sorg vi hørte på den melding vår ærede utenriksminister hadde å gi Stortinget i dag, og jeg tror vi alle sammen har en beklemmende følelse av at den rolle vårt land og vårt folk har spilt og har kunnet spille i det spill som Russland er begynt like overfor den lille stat Finland, ikke har vært videre glorverdig. Vi var jo alle sammen klar over at slik som det var stelt med vår hærmakt, kunne vi ikke stille den til disposisjon til hjelp for vårt broderfolk, idet vi under alle omstendigheter først og fremst, slik som forholdene ligger an hos oss, må ha vår forsvarsmakt innen rikets grenser. Om det var riktig av oss, forsvarlig også, å nekte Finland bruk av våre veier og våre kommunikasjoner for å få fram den hjelp det trengte i nødens stund, det er et annet spørsmål, og hva historien vil si om vår stilling til det spørsmål, er ikke godt å vite. Men jeg er bange for at historiens dom ikke blir særlig smigrende for oss. Det er kanskje en trøst, om enn en fattig trøst, at vårt naboland Sverige, som er et mektigere og rikere land enn vårt, har tatt det samme unnfalende standpunkt, men jeg tror nok det hadde vært riktig om regjeringene, både regjeringen i Norge og regjeringen i Sverige, hadde lagt disse spørsmål fram for nasjonalforsamlingen før de slo hånden av Finland, før de brakte Finland i den situasjon det er stilt i i dag, overga det skånselsløst til den mektige stormakt som har overfalt det.

Jeg vil ikke ha sagt mer om den side av saken i dag, men jeg ville for mitt vedkommende ha satt pris på om nasjonalforsamlingen hadde fått anledning til å ta standpunkt til

det spørsmål. Jeg tror forresten det er meget delte meninger i det norske folk i dag om den side av saken. Jeg tror ikke det norske folk har den samme oppfatning når det gjelder nøytraliteten vår, som Regjeringen har gitt uttrykk for ved forskjellige anledninger. Jeg er fullt klar over at den regjering har krav på stor kreditt, som kan formå å holde vårt land utenfor enhver krig, men hvis det skal skje på bekostning av Finnlands selvstendighet, Finnlands fortsatte bestående kanskje som selvstendig stat, så tror jeg nok at det kan reise seg spørsmål som vil bli besvart på forskjellig måte i folket, og jeg er ikke sikker på hvor flertallet i dag befinner seg.

Så var det det neste spørsmål, spørsmålet om drøftingen av muligheten av et forsvarsforbund med Finland. Ja, jeg har selv ment, og tillatt meg å fremholde her i denne forsamling i et hemmelig møte, at Regjeringen for lenge siden, slik som situasjonen er i verden i dag, burde ha undersøkt muligheten av et forsvarssamband med Sverige. Dette at Sverige og Norge skal gå i forsvarsforbund med Finland er et nytt alternativ, men jeg forstår at det var vanskelig for Regjeringen å svare nei også på denne del av henvendelsen fra Finland, så meget mer som vi stadig har måttet svare nei når det har vært spørsmål om å hjelpe Finland på en mer effektiv måte, og i den aktuelle situasjon var det kanskje hardt å si at vi heller ikke for fremtiden vil kunne stille i utsikt å yte noen hjelp. Det er en veksling på fremtiden Regjeringen på en måte i dag har trukket ved å love at man er villig til å drøfte muligheten av et forsvarsforbund med Finland. Jeg tror utenriksministeren har rett i at ved det svar Regjeringen har gitt i en kritisk stund, har den ikke bundet Norge, så meget mer som den etter vår konstitusjon ikke kan binde det. Jeg tror representanten Mowinckel overdriver den risiko vi løper, selv om jeg godt kan forstå at han kan ha betenkeligheter når det gjelder følgerne av det svar som Regjeringen har gitt.

Jeg vil til slutt bare spørre presidenten om det har vært tanken at utenriksministerens redegjørelse skal sendes nogen komité, legges ut her, eller om det er meningen å behandle den nærmere i et hemmelig møte i Stortinget, når vi har fått bedre anledning til å gå den igjennom. Den reiser mange og viktige spørsmål, som vel har krav på nasjonalforsamlingens oppmerksomhet.

Moseid: Det er ingen anledning til å komme inn på realiteten i dette spørsmålet etter at utenriksministeren har opplyst at Regjeringen allerede har gitt sitt svar. Jeg forstår godt de mange kryssende hensyn som kan melde

seg i et sånt spørsmål, men når jeg forlangte ordet, var det for å si at Regjeringen etter min mening her har handlet utenfor sin kompetanse. Dette er spørsmål som i begge tilfelle henhører under nasjonalforsamlingens avgjørelse, og det å gi tilsagn fra den norske regjering til en fremmed stat, er ingen privat affære, det er en konstitusjonell handling, og den kan trekke konsekvenser etter seg som vi i dag ikke har oversikt over. Regjeringen er ikke privatpersoner som kan svare hver for seg etter forgodtbefinnende, de skal svare som norsk Regjering, og da blir det noe annet. Jeg mener at Regjeringen derfor her har begått en konstitusjonell feil, når den ikke på forhånd har søkt råd og samarbeid med Stortinget. Jeg vil ikke ha uttalt noe om under hvilke former det skulle ha skjedd, jeg vil bare nevne at i 1905, da man hadde så vanskelige forhold å arbeide under, fant man det praktisk å søke Stortingets råd i en form som ikke fikk uttrykk i noen beslutning før forholdene var mer avklart. Jeg tror det hadde vært riktig, med den tid Regjeringen har hatt til sin rådighet, om den i hvert fall hadde benyttet en slik form for å søke veiledning for avgjørelser, som for landet og folket i fremtiden kan bli av uanet betydning. Jeg vil derfor for min del protestere mot den måte hvorpå Regjeringen her har gått fram, fordi jeg tror det vil kunne føre vårt land inn i situasjoner som det siden for Stortinget, for nasjonalforsamlingen, kanskje vil være umulig å avverge følgene av. Det er ikke ment som nogen kritikk når det gjelder realiteten i dette spørsmål. På det punkt vil jeg overhodet ikke uttale meg slik som saken nå ligger an. Regjeringen har truffet en avgjørelse som det ikke er anledning for Stortinget til å drøfte i realiteten på dette tidspunkt. Jeg har kun villet fremholde at den måte hvorpå Regjeringen har gått fram, etter min mening ligger utenfor en regjerings kompetanse.

Presidenten: Presidenten vil i anledning av hr. Moseids bemerkning om dette siste punkt, minne om at etter Grunnlovens § 26 har Regjeringen ikke alene adgang til å opta drøftelser med fremmede stater. Men § 26 sier uttrykkelig at Kongen har adgang til å inngå og opheve forbund, og at traktater av særlig viktighet skal forelegges Stortinget forinden de blir bindende. Her har alene vært spørsmål om å avgi svar på en forespørsel om rent foreløbige, uforbindende drøftelser mellom to regjeringer. Utenrikskomitéen var av den oppfatning at rent bortsett fra det tidsmessige som her spilte en rolle, vilde det nettop være å binde Stortinget for fremtiden hvis det kunde sies at Regjeringen her avgav et svar

etter å ha innhentet Stortingets bemyndigelse til det. Nu står Stortinget helt ubundet i enhver henseende, hvilket Stortinget etter utenrikskomitéens opfatning ikke vilde ha gjort hvis Stortinget på forhånd hadde bemyndiget Regjeringen til å opta disse underhandlinger. Og når utenrikskomiteen har inntatt det standpunkt, var det nettop for å sikre at Stortinget skulde stå absolutt fritt.

Statsråd Koht: Representanten Mowinckel heldt så sterkt fram at dette svaret som den norske Regjeringa i dag har gjevi til den finske, er det same som ei stor vending i norsk utanrikspolitikk. Eg trur eg må ha lov til å seia at vendinga i norsk utanrikspolitikk har gått føre seg før, og har gått føre seg smått om senn. Ho har mellom anna funni ein ordførar i hr. Mowinckel, når han her i Stortinget har haldi fram så sterkt som han har gjort, og sterkare enn eg har sett at nokon annan har gjort det, at vi må fylgja Sverige, at vi er i same båten som Sverige og må fylgja det. Ein kan kanskje seia det kunne liggja ei vending i dette å binda seg så sterkt til Sverige som det låg i dei orda. Eg høyrer i dag av hr. Mowinckel at han meiner at Noreg og Sverige i utanrikspolitikk har heilt ulike orienteringar, såleis at Sverige må gå til Tyskland og vi mot vest, serskild vel da til England. Eg må ærleg og ope få seia at eg trur hr. Mowinckel tek i mist i dette. Eg trur ikkje den svenske utanriksorienteringa går mot Tyskland. Eg trur den svenske utanriksorienteringa i ein situasjon som den som har stått beint framføre oss i desse dagane, ville ha vori just den same som han måtte bli her i vårt land. Vi har i dei siste åra hatt eit politisk arbeid her i landet, og like eins har dei hatt det i Sverige, med å føra Finland over i det vi kallar «nordisk orientering». Eg var personleg den fyrste som fekk den finske utanriksministeren beden inn til eit nordisk utanriksministermøte der ein skulle drøfta utanrikspolitikk. Før hadde han berre vori med på eit møte der reint nordiske spørsmål låg føre. Eg gjorde det just med tanken på at dette skulle hjelpa til å draga Finland inn i den nordiske politikken og med det — det var ein av grunn-tankane mine — mellom anna skapa eit meir venskapleg tilhøve mellom Finland og Sovjet-Samveldet, der tilhøvet i førevegen elles var merkt av mistru frå baa sider. Det som Sovjet-Samveldet no har gjort i dette siste halve året, har øydelagt mykje av det som vi den gongen stila imot. Men det å halda Finland fast til dei nordiske landa elles utanrikspolitisk, trur eg framleis må vera eit viktig føremål. Og eg trur at det å lova Finland å vera med på i det minste å drøfta spørsmå-

let om eit forsvarssamband, kan hjelpa til å halda Finland fast her. Eg har ikkje den otten som hr. Mowinckel gav ord for, at om det ikkje skulle føra fram til eit forsvarssamband, så skulle det tvert om da sprengja Finland lenger frå oss enn det elles kunne ha blitt. Eg trur at drøftingar førde i venskapleg ånd her vil hjelpa til å halda Finland i hop med dei andre nordiske landa. Vi må hugsa på at her gjeld det ikkje berre Noreg, men det gjeld Sverige likså vel, i tilhøvet mellom Finland og dei to grannelanda.

Da dette spørsmålet låg føre for Regjeringa i dag, ja da hadde vi alt det svenske svaret føre oss. Skulle vi fylgja svensk politikk her, eller skulle vi gå den motsette vegen? Det var eit av dei spørsmåla som her måtte bli avgjorde. Eg trur at om vi kjem i eit nærare politisk tilhøve til Finland, jamvel om det skulle bli så at det kom i stand eit forsvarssamband, så måtte føresetninga vera og fylgja måtte bli, at finsk utanrikspolitikk måtte fylgja same lina som norsk og svensk utanrikspolitikk har gjort og gjer. Det vil seia, det måtte bli eit samarbeid her i sjølve utanrikspolitikken — ein heilt sjølvsgd konsekvens av det alt i hop. Men eg må på nytt få streka under at her er det ikkje enda tale om å gjera opp eit forsvarssamband, her er det spørsmål om vi i det heile er viljuge til å drøfta spørsmålet, og det skulle vel vera fullt klart konstitusjonelt òg at Regjeringa må kunna taka opp drøftingar med andre land, om det ikkje på førehand er avgjort av Stortinget. Stortinget er heilt ubundi, just for di Stortinget i denne stund ikkje tek standpunkt. Det var eit reint praktisk omsyn, men eit viktig praktisk omsyn, som gjorde at svaret måtte bli sendt fort. Da eg i dag tidleg på føremiddagen — på morgonen, får eg vel helst kalla det — hadde ein samtale med den svenske utanriksministeren om denne saka, og eg sa til han at vi kunne ikkje få svaret sendt frå Noreg før vi hadde i det minste fått det drøft i Regjeringa, og at Regjeringa kunne vi ikkje få samla før kl. ½1, så tykte utanriksminister Günther at dette dro lenge ut og at det ble svært seint, for det står så spendt borte i Finland at kvar dag lenger av krig ville vera ein fare. Og da vi så i Regjeringa drøfte saka, og rett fort, får ein vel seia, kom til det standpunktet som eg hadde haldi fram for Regjeringa som mitt, så ville det å leggja ho fram på nytt dessutan for utanriksnemnda, vera å dra svaret enno lenger ut, så langt ut at eg var ikkje viss på om dette var forsvarlig, om vi kunne forsvara mot Finland å venta så lenge. Og det var ei føresetning i utanriksnemnda da spørsmålet der vart drøft, at det som kom fram for Stortinget, skulle vera ei melding om det som Re-

gjeringa hadde gjort. Det er da dette som ligg føre. Men eg vil leggja attåt enda ei faktisk opplysning som kanskje kan vera nyttig å ta med, just når det gjeld spørsmålet om kor langt dei norske statsmaktene er bundne. Da den finske utanriksministeren tala om dette spørsmålet i går til den norske sendemannen i Helsingfors, sa den norske sendemannen straks til han at han trudde ikkje det var mogleg for den norske regjeringa med ein gong å lova noko slikt forsvarssamband no, for di det var Stortinget som skulle avgjera slike spørsmål. Dette er da den finske utanriksministeren klar over alt på førehand, at det er Stortinget som avgjer. Ingen ting kan bli avgjort før. Men eg trur det ville vera rangt å tenkja seg at etter det svaret som er sendt i dag, skal Stortinget ikkje få høyra meir om saka før kanskje den dagen den norske utanriksministeren eller den norske Regjeringa kjem til Stortinget og seier: her er forsvarssambandet, vil De ha det eller ikkje? Eg går ut ifrå som ein heilt gjeven ting at det må vera drøftingar mellom Regjering og Storting seinare òg i denne saka, såleis at Stortinget må kunna fylgja med steg for steg om forhandlingane kjem i gang. Det trur eg må vera politisk naudsynt, politisk klart, og det vil enda meir styrkja det som må vera grunnsetninga her: den makta som Stortinget skal ha i slike saker.

Sundby: Det var iallfall min forutsetning i utenrikskomiteen at saken skulle legges fram for Stortinget før Regjeringen ga sitt svar. Det hele ville stå på i 2½ time eller kanskje 3, og jeg synes ikke det kan ventes at et land, enten man kaller det å binde seg eller ikke, kan treffe slike beslutninger raskere enn det. Det var ikke dermed ment, hverken fra min eller visstnok fra andres side, at Stortinget skulle fatte noen beslutning i saken eller uttale seg om saken, det var kun for at Stortinget skulle være orientert, og at man hadde gjort det på forhånd, slik at Stortinget iallfall hadde anledning til å ta standpunkt mot, hvis man ville fremsette forslag i den retning. Det var, så vidt jeg forstår, en samstemmig mening at man ikke skulle binde seg i Stortinget hverken ved beslutning eller ved uttalelser. Jeg synes derfor det er uriktig f.eks. av hr. Mowinckel å binde seg så sterkt ved en uttalelse som han har gjort i negativ retning. Jeg synes også det var uriktig av den ærede utenriksminister å uttale seg om realiteten. Jeg måtte iallfall oppfatte ham slik, at han nå bandt seg, om ikke absolutt så dog prinsipielt, til at et forsvarssamband mellom de nordiske land var ønskelig, og det trodde jeg ikke det var riktig å ta standpunkt til nå.

